

## Vedtekter for Bø Turlag (11.03.2008)

**1. Formålet** med laget er å utvikle turlivet i BØ - særleg å leggje til rette for og fremje friluftslivet og betre kjennskapen til distriktet.

**2. Arbeidsoppgåver** er primært arbeide med å:

- ✓ rydde og merke stigar og løyper, byggje bruer og klopper.
- ✓ fremje interessa for friluftsliv ved opplysning, tur- og løypeomtaler, og arrangere turar, møte, kurs og tilstellingar.
- ✓ samarbeide med andre organisasjonar og institusjonar - offentlege eller frivillige - for å nå formålet med laget.
- ✓ argumentere for interessene til friluftslivet i relevante politiske saker.

**3. Medlemmer.** Bø Turlag er opent for alle enkeltpersonar, bedrifter og organisasjonar. Medlemmar som ikkje har betalt kontingent på 2 år, blir rekna som utmelde av laget.

**4. Årsmøte** er det øvste organet i laget. Årsmøtet er opent for alle medlemmar, og kvar medlem har ei stemme. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Ekstraordinært årsmøte skal innkallast av leiaren når eit fleirtal i styret eller ¼ av medlemmene krev det. Innkalling skal skje med minst 14 dagars varsel. Styret avgjer innkallingsmåten. Med innkallinga skal det følgje sakliste. Det skal førast møtebok, som blir undertekna av skrivar og to valde av årsmøtet.

**5. Årsmøtesaker:**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å undertekne møteboka
3. Godkjenning av årsmelding
4. Godkjenning av rekneskap
5. Fastsetting av kontingent
6. Val av leiar for styret
7. Val av styremedlemmar og varamedlemmar
8. Val av revisor
9. Val av valnemnd
10. Orientering og drøfting av arbeidsoppgåver framover
11. Andre saker / innkomne forslag

**6. Styret** skal leie verksemda i laget gjennom året i samsvar med vedtekter, utarbeide årsprogram og det som elles blir bestemt på årsmøtet. Styret skal ha leiar og 4 medlemmar. Leiaren blir vald av årsmøtet for 1 år om gongen. Dei andre medlemmene i styret blir valde av årsmøtet for 2 år om gongen, evt. for 1 år i spesielle tilfelle. Styret konstituerer seg sjølv, og velger nestleiar, sekretær og kasserar blant styrets medlemmer. Det skal vere 4 varamedlemmar i nummerert rekkefølge, kvart år er 2 varamedlemmar på val. Valet av leiar, styremedlemmar eller varamedlemmar skal vere skriftleg når det er fleire kandidatar enn verv. Styret skal kallast inn så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når 2 av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når 3 medlemmar er til stades, mellom dei leiar eller nestleiar. Står stemmene likt, har leiaren dobbelstemme. Når ein styremedlem har forfall, skal denne varsle så varamedlem kan bli innkalla. Når det trengst, kan også varamedlemmane bli innkalla.

**7. Valnemnda** skal ha 3 medlemmar. Valet gjeld for 3 år av gongen, men slik at 1 av medlemmene, den lengstsitjande, trer ut kvart år. Leiar er den som er på valg samme år. Styret legg fram forslag til medlemmar.

**8. Vedtektsendring** kan berre skje på årsmøtet. Det må gå fram av innkallinga at det ligg føre framlegg til vedtektsendring. Vedtak skjer med simpelt fleirtal.

**9. Oppløysing** av laget kan skje etter at framlegg om oppløysing blir vedtatt med 2/3 fleirtal på to vanlege årsmøte som kjem etter kvarandre. Det siste årsmøtet avgjer kva verdiane i laget skal nyttast til.